



Høyanger kommune

Ordføreren

Finansdepartementet

Sendt digitalt til

www.regjeringen.no

Høyanger, 27.11.19

NOU 2019:16 - SKATTLEGGING AV VASSKRAFTVERK – HØYANGER KOMMUNE SIN HØYRINGSUTTALE

INNLEIING:

Det vert vist til Finansdepartementet sitt brev av 30.09.2019 der fristen for å kome med innspel til NOU 2019:16 – «Skattlegging av vasskraftverk» er sett til 1. januar 2020.

Høyanger kommune viser til LVK og Industrikommunene sine høyringsuttalar, som kommunen sluttar seg til.

Høyanger kommune går imot utvalget sitt framlegg om å avvikle ordningane med konsesjonsavgift og konsesjonskraft, samt å endre eigedomsskatten.

KVA VIL FRAMLEGGET BETY FOR KOMMUNEN?

Høyanger kommune er vertskap for - eller har rett til inntekter frå 22 kraftverk.

Kraftverkseigar:	Tal kraftverk
Statkraft AS	4
BKK	10
Sunnfjord Energi AS	2
Småkraft AS	1
Ortnevik Kraftlag	1
Osland Kraft	1
Strandos Kraft AS	1
Østerbø Krafverk BKK og SFE	1
Vadheim kraft AS	1
Sum	22

I 2018 fekk kommunen tilført omlag 55,7 MNOK i inntekter frå kraftverka.

	2019	2018
	MNOK	MNOK
konsesjonsavgifter, netto inntekter fra	9,1	9,1
konsesjonskraft	26,1	16,8
eiendomsskatt.	17,9	14,4
naturressursskatt	15,4	15,4
	68,5	55,7

For 2019 vil inntekta auka til omlag 68,5 MNOK grunna auka straumprisar.

Høyanger kommune har i 2019 budsjettert med brutto driftsinntekter på 521,8 MNOK. Inntekter frå kraftproduksjon utgjer med andre ord over 13% av dei samla inntektene til kommunen. Kraftinntektene utgjer 80% av skule- og barnehagebudsjettet, eller 49% av helse og omsorgs sitt budsjett.

Desse inntektene finansierer omlag 100 årsverk av totalt 430 årsverk i kommunen. Eit evt. bortfall av desse inntektene vil med andre ord ha dramatiske følger for Høyanger kommune.

KVIFOR GÅR VI IMOT UTVALET SITT FRAMLEGG?

Kommunen sine innvendingar mot utvalet sitt framlegg kan summerast slik:

Utvalet svarar ikkje på mandatet. Av mandatet ser ein at utvalet si hovudoppgåve var å vurdere om dagens skattlegging av vasskrafta hindra at samfunnsøkonomiske lønsame tiltak vert gjennomført. Kraftverka har peika på at det er den innretninga grunnrenteskatten har fått som er problemet, ikkje dei kommunale ordningane.

Kommunen sine inntekter frå konsesjonsavgifter og konsesjonskraft vil i 2019 utgjera 35,2 MNOK. Utvalet sitt framlegg om å avvikle desse ordningane vil vere eit brot på den samfunnskontrakten som ligg til grunn for utbygging av vasskraft i kommunen. Forslaget er også i strid med grunnlova sin § 97 om at lov ikkje kan ha tilbakeverkande kraft. Konsesjonsvilkåra som gir kommunane rett til ein del av verdiskapinga, må ha same varigheit som konsesjonen.

Høyanger kommune får 17,9 MNOK i eiendomsskatt frå dei 22 kraftverka i kommunen i 2019.

Utvalet sitt forslag om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi er i strid med eigedomsskattelova sin hovudregel i § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal tilsvare anlegget sin omsetningsverdi.

Eigedomsskatt basert på skattemessig verdi vil føre til at eigedomsskatten vil bli størst i dei første åra etter at investeringa vert gjennomført, medan skatten vert lågare når lønsemda aukar. Utvalet syner og til uttaler om at for gamle kraftverk kan grunnlaget for eigedomsskatt gå ned mot null.

Framlegget frå utvalet, som vil føre til høg skatt dei første åra etter at ein har gjort investeringane, vil etter vårt syn ikkje utløyse nye investeringar, og svarar då ikkje på oppgåva i mandatet.

KOMPENSASJON FOR LOVBESTEMTE ORDNINGAR GJENNOM ANDRE ORDNINGER ER UEGNA:

Kraftskatteutvalget foreslår inga kompensasjon for kommunane sine milliardtap. Kraftskatteutvalget skriv på side 158:

«For å illustrere et ytterpunkt for fordeling har utvalget sett på en full omfordeling av provenyeffekten mellom stat, kommuner og fylkeskommuner via naturressursskatten. Det understrekes at dette bare er en illustrasjon og ikke et forslag fra utvalget.»

Utvalet kjem altså ikkje med noko form for kompensasjon til vertskommunane for ein samla inntektsreduksjon på 3,66 milliardar kroner kvart år.

Utvalet omtalar moglege alternativ for «omfordeling», til dømes (sitat); *«en ønsket fordeling kan oppnås ved egne ordninger for omfordeling, enten gjennom naturressursskatten eller gjennom direkte inntektsfordeling»*.

Høyanger kommunen vil peike på at ei vidare vasskraftutbygging er avhengig av lokal aksept. Etter det kraftskatteregime vi har i dag vil kommunen ha eit konsesjonsfesta og lovfesta krav på ein del av den verdiskapninga som ei kraftutbygging gir grunnlag for.

Utan lokale inntekter vil det bli motstand mot å føreta fornuftige investeringar som rehabilitering av eksisterande anlegg, og ny utbygging av vasskraftkraft.

Den sterke lokale motstanden mot planane for vindkraft, som i liten grad gir noko tilbake til lokalsamfunnet, illustrerer dette på ein svært god måte.

KVIFOR KAN IKKJE KOMMUNANE SITT INNTEKTSTAP FRÅ DEI LOVBESTEMTE ORDNINGANE BLI ERSTATTA AV OVERFØRINGAR ELLER EI AUKE I NATURRESSURSSKATTEN?

Kommunen sin rett til konsesjonsavgifter og konsesjonskraft samt eigedomskatt basert på anlegga sin reelle marknadsverdi kan ikkje bli erstatta av overføringar eller ei auke i naturressursskatten. Ein slik kompensasjon vil vere totalt ueigna av fleire grunnar:

Utvalget opplyser på side 159 at *«ved full omfordeling mellom stat og kommunesektor gjennom økt naturressursskatt vil 295 av 426 kommuner per 2017 få økte inntekter per innbygger. I de 295 kommunene med økte inntekter bor om lag 90 pst. av norske innbyggere»*.

Ein kompensasjon i form av auka naturressursskatt vil bli fordelt på samtlege kommunar i landet, i all hovudsak basert på tal innbyggjarar. 60% av den skisserte skatteauken ville blitt trekt inn i den såkalla inntektsutjamninga. Ein kompensasjon gjennom naturressursskatten vil følgeleg kome dei mest folkerike kommunane til gode. For Høyanger kommune vil netto tapet utgjere omlag 32 mill. Noko som utgjer 10% av dei pengane kommunen har til fordeling til drift i tenesteområda.

Vidare er ein kompensasjon for dagens eigedomskattereglar og konsesjonskraftordninga gjennom ein auke i naturressursskatten ueigna fordi den ikkje vil gi kommunen ein varig del av verdiane av vasskrafta. Naturressursskatten vil kunne gi x tal øre/kWh. Konsesjonskrafta og eigedomskatten vil auke i verdi dersom verdien av naturressursane aukar. Det vil derfor vere sterkt urimeleg om ikkje dei kommunane som har avstått sine stadig meir verdifulle naturressursar skal få sin del av verdiauken.

Innvendinga nemnt over gjer seg også gjeldande om ein tek naturressursskatten ut or inntektssystemet.

UTVALET SITT FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I REGLANE OM EIGEDOMSKATT PÅ VASSKRAFTANLEGG MÅ AVVISAST:

Utvalet sitt framlegg – verknader for kommunen:

Utvalet gjer framlegg om å nytte skattemessig verdi ved fastsetting av verdi på objektet når ein skal rekne ut skattegrunnlaget på vasskraftanlegg. Vidare foreslår utvalet å ta ut produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar, samt fallrettane frå grunnlaget for utrekning av eigedomskatt. Utvalet grunngjev framlegget med at reglane for eigedomskatt for små og store vasskraftanlegg då vil bli like, og at vasskraftanlegg vil bli handsama på same måte som anna næringseigedom.

Det samla tapet for kommunane er estimert til 1,530 milliardar kroner kvart år (NOU 16:19 s. 159).

Det er ingen oversikt i utvalet sin rapport over kva tapet vert for kvar kommune. Heller ikkje Høyanger kommune kan slå fast kva tapet vert, då kommunen ikkje kjenner den skattemessige verdien av anlegga i Høyanger kommune.

Når tapet for Høyanger kommune er estimert til 11,9 MNOK, er dette basert på det samla proveny tapet utvalet har rekna ut. Inntektstapet er basert på eit gjennomsnittleg skattetap for alle kommunar på om lag 2/3 av dei inntekter ein har i dag.

Til sist vil kommunen peike på at det hastar med å få ei avklaring kring rammevilkåra for kraftnæringa og for kraftkommunane. Det er så store summar i spel for Høyanger kommune at utfallet av saka vil ha direkte innverknad på vårt arbeid med budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023.

Med helsing



Petter Sortland
ordførar